SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Samferdsleavdelinga

Sakshandsamar:
Finn Ivar Lied
E-post: Finn.Ivar.Lied@sfj.no
Tlf.:

Vår ref.
Sak nr.: 18/2038-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
15535/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 06.04.2018

Notat

Frå: Fylkesrådmann

Til: Fylkesutvalet, møte 16.04.18

Retting i marginalliste over mindre utbetringar i Regional transportplan og planleggingsprogram 2019 - 2021

Ved handsaminga av investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2027 vart det gjort ei endring i marginallista for mindre investeringar. Ved ein inkurie vart denne endringa ikkje innarbeid i marginallista - etter vedtaket. Vi beklagar dette.

Fylkesutvalet handsama 04.04.18 planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 – 2021 (saksnummer 29/2018). Administrasjonen har i etterkant blitt gjort merksame på at denne feilen er med under *Mindre utbetringar* i planleggingsprogrammet;

> Fv. 697 Leirvik – Lavik skal her inn i staden for fv. 57 Nautsund Store bru. Denne feilen står også på marginallista (9. plass) til mindre utbetringstiltak i investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2027, handsama og vedteken av Fylkestinget i møte 5.-6. desember 2017.

Vi har no retta opp feilen både i investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2027, og i planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 – 2021 som skal til handsaming i Fylkestinget 17.04.18.

Retta framlegg til planleggingsprogram for fylkesvegar 2019 - 2021 er vedlagt.

Fylkesrådmannen ber om at dette notatet med vedlegg blir lagt fram for FT i tilknyting til den aktuelle saka.